



HELSETILSYNET
I SOGN OG FJORDANE

Kopi

Mottatt HV RHF

- 8 NOV 2005

Helse Førde HF
Att. Direktør Jon Bolstad
Førde Sentralsjukehus
6807 Førde

2004/2282 732.0

07.11.2005

Planar om helsemessig og sosial beredskap - oppfølging

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane syner til brev frå Statens Helsetilsyn til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane, dagsett 14. oktober 2005, og brev frå Statens Helsetilsyn til Helse Førde HF, dagsett 14. oktober 2005.


Saka gjeld helseføretaka sine planar for helsemessig og sosial beredskap.


Helse Førde HF har bekrefta at det er utarbeidd, og godkjent planar for helsemessig og sosial beredskap, i tråd med gjeldande regelverk. Statens Helsetilsyn har følgjande merknader til planverket:

- Implementering: Etter Statens Helsetilsyn si vurdering er ikkje planverket fullt ut implementert i verksemda.
- Samordning: Det går ikkje fram om planverket er samordna med andre delar av spesialisthelsetenesta og kommunane.
- Øving: Statens Helsetilsyn kan ikkje sjå at det har vore øvd på planverket.

Statens Helsetilsyn har bede Helsetilsynet i Sogn og Fjordane om å følgje opp desse forholda. Vi ber om at Helse Førde HF rettar opp dei forholda som er nemnde, og gir tilbakemelding om dette til Helsetilsynet i Sogn og Fjordane innan **20. desember 2005**.

Med helsing


Einar Hovlid
kst.fylkeslege


Beate Tollefsen
rådgjevar

Kopi: Statens Helsetilsyn, Pb. 8128 Dep, NO-0032 OSLO
Helse Vest RHF, Pb. 303 Forus, 4066 STAVANGER

Sakshandsamar: Beate Tollefsen ☎ 57 65 55 02 E-post: bto@fmsf.no